

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dato	28.04.2022
Vår referanse	2022/18118-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Erlend Hofstad
E-post	Erlend.Hofstad@vlfk.no
Telefon	48994916

Varsel om oppstart av freding av Botnahytta, Samnanger kommune


Med heimel i lov om kulturminne §§ 15 og 19, jf. § 22 varslar Vestland fylkeskommune med dette oppstart av fredingssak for Botnahytta, bygningsnr. 300719183171, gnr.1 / bnr. 4 i Samnanger kommune (kulturminne-ID 212017-1).

Omfanget av fredinga

Fredingsforslaget etter § 15 vil omfatte bygningen Botnahytta, som vist på oversikts- og detaljkart nedanfor. Fredingsforslaget vil omfatte eksteriøret og interiøret til bygningen, og inkludere hovudelement som planløyising, materialbruk, overflatebehandling og detaljar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstadar og fast inventar.

Fredingsforslaget vil òg kunne omfatte eit område rundt hytta, som er tenkt freda etter § 19 i kulturminnelova. Føremålet med dette er å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet. Landtunga som hytta ligg på utgjer ei naturleg utstrekning for ei områdefreding etter § 19, som vist på detaljkartet nedanfor. Nøyaktig avgrensing vil skje gjennom arbeidet med fredingsforslaget.

Oversiktskart



Detaljkart



Grunngeving

Fredingssaka er ei oppfølging av Hordaland fylkeskommune sitt vedtak av 19. desember 2018 om mellombels freding av Botnahytta. Vedtaket vart påklaga til Riksantikvaren, som ikkje tok klagen til følgje. Riksantikvaren har gjeve fylkeskommunen klarsignal til å gå vidare med ei ordinær fredingssak.

Botnahytta er ei lita jakthytte av lafta tømmer, som ligg i utmark på gnr. 1 / bnr. 4 i Samnanger kommune, på eit nes i Botnavatnet i fjellområda mellom Os og Samnanger. Hytta vart bygd i 1941.

Postadresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

Byggherren Fredrik Øvredal og mange i familien og omgangskrinsen hans kom tidleg med i illegalt arbeid mot okkupasjonsmakta, og fleire av dei vart sentrale personar i motstandsarbeidet i Bergensområdet. Den avsides plasseringa gjorde Botnahytta til ein velegna skjulestad, og frå 1942 til 1945 vart hytta jamleg brukt av både Milorg og Saborg. Det er ei hending hausten 1944 som i særleg grad har gjort Botnahytta til eit kjent krigsminne: 26. september 1944 måtte eit Wellington bombefly med canadisk mannskap naudlande på Haugland i Os. Etter nokre døgn på flukt blei dei ført opp til Botnahytta. Her låg dei i skjul ei vekes tid, til dei vart frakta ut fjorden til Austevoll og derfrå brakt over Nordsjøen.

Initiativet til å ivareta Botnahytta som krigsminnesmerke kom frå Fredrik Øvredal sjølv i 1994, og hytta har etablert seg som eit sentralt krigsminne for områda rundt. Gjennom historia om det canadiske flymannskapet har ho i seinare tid òg fått internasjonal merksemd. Etter ei omfattande istandsetting i 2015 med prosessuelt autentiske metodar, er hytta i god stand.

Vestland fylkeskommune vurderer Botnahytta som eit kulturminne med nasjonal verdi, grunna hytta si tilknytning til motstandsarbeidet under andre verdskrigen – ein sentral del av den norske krigshistoria. Avsides liggande hytter spela ei viktig rolle for motstandsørsla og vart brukt til forlegning, opplæringsstad for sabotørar, våpentrening, møtestad mm. Hyttene var difor ein fundamental del av den fysiske infrastrukturen til det organiserte motstandsarbeidet på heimefronten. Mange av desse hyttene er forlenget borte, og dei som enno finst vert difor ekstra verdifulle.

Mange av motstandsfolka som brukte Botnahytta, høyrde til Saborg (Sabotasjeorganisasjonen), som hadde utspring frå kommunistiske miljø. Gjennom tilknytninga til Saborg illustrerer Botnahytta eit viktig, men lenge underkjent aspekt ved den norske motstandsørsla.

Hendingane hausten 1944 gjer hytta til del av eit omfattande internasjonalt fenomen frå den andre verdskrigen: innsatsen for å berga nedskotne allierte flygarar frå tyskkontrollerte område. Botnahytta er med dette ikkje berre eit kulturminne knytt til motstandsørsla i Noreg, men òg til luftkrigen over Europa.

Hytta framstår i dag mest mogleg som ho gjorde under krigen, og bortsett frå naudsynt istandsetting er ho tilnærma uendra både ut- og innvendes. Botnahytta inngår i ein intakt heilskap av omgjevnadene, sjølve hytta, fast og laust inventar, og dette gjer ho til eit særst heilskapleg døme på hytter brukt av motstandsørsla. Dette er ein viktig gruppe kulturminne som har vore talrik, men der mange er gått tapt eller er mykje endra. Dette gjer Botnahytta til eit sjeldsynt døme på denne gruppa. Freding av Botnahytta vil bidra til ein meir representativ fredingsliste og vere i samsvar med fredingsstrategien.

Vidare saksgang

I samsvar med lov om kulturminne § 22-1 andre ledd, vil varsel om oppstart av fredingssak bli kunngjort i Bergens Tidende, Samningen og Norsk lysingsblad.

Vi ber om at eventuelle merknader til oppstartsvarselet vert sendt til Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen, eller på e-post til post@vlfk.no. Merknader må vere sendt fylkeskommunen innan tre veker etter at dette brevet er motteke.

Fylkeskommunen utarbeider deretter sjølve fredingsforslaget og legg det ut til offentleg ettersyn. Saman med merknadene som kjem inn, vert det så sendt til Samnanger kommune for handsaming i kommunestyret. På bakgrunn av høyringsinnspela vert fredingsforslaget eventuelt endra, før fylkeskommunen sender det til Riksantikvaren. Det er Riksantikvaren som fattar det endelege vedtaket om freding.

Den mellombelse fredinga står ved lag inntil fredingssaka er ferdig handsama. Dette inneber mellom anna at ein må søke kulturminnestyresmaktene om løyve til å sette i verk alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur, idrett og inkludering (KII)

David J Aasen Sandved
seksjonssjef
KII - Kulturarv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste

WENCHE IRENE TORSVIK	Haugneset 29	5200	OS
AGNAR TORSVIK	Haugneset 29	5200	OS
FINN NORVALD ØVREDAL	LYSEKLOSTERVEGEN 154	5215	LYSEKLOSTER
SAMNANGER KOMMUNE	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN

Kopi til:

RIKSANTIKVAREN

Postboks 1483 Vika

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET

Postboks 8013 DEP